

# STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 12.12.2023

**SAKSHANDSAMAR:** Arve Varden, Øystein Helleseth og Ingunn Berg

**SAKA GJELD:** Budsjett 2024 - Helse Førde HF

**ARKIVSAK:** 2023/5174

**STYRET:**

Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**

19.12.2023

**STYRESAK:**

083/2023

---

## FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Førde HF vedtek årsbudsjett og investeringsbudsjett for 2024 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere naudsynte justeringar/endringar innanfor ramma av vedteke årsbudsjett og investeringsbudsjett.
3. Styret ber administrerande direktør om å halde fram arbeidet med å gjennomføre kostnadsreduserande tiltak i føretaket, med mål om å lukkast med å redusere overforbruket gjennom 2024.
4. Styret ber om å få investeringsbudsjettet til ny behandling dersom føresetnadene i finansieringsgrunnlaget endrar seg.
5. Styret ber administrerande direktør følgje opp den økonomiske styringa i høve til budsjett og rapportere til styret gjennom 2024.

## Innhold

1.	Oppsummering.....	3
2.	Innleiing.....	4
3.	Budsjettprosessen .....	4
4.	Føresetnader for budsjettet.....	5
4.1.	Styringsfart 2023 .....	5
4.2.	Statsbudsjettet 2024 .....	5
4.3.	Tildelt ramme fra Helse Vest .....	6
5.	Rammefordeling til klinikkane.....	9
5.1.	Realendringar .....	9
5.2.	Innsparingskrav.....	9
6.	Budsjett 2024 .....	10
6.1.	Resultatkrav HFD .....	10
6.2.	Overordna budsjett HFD.....	10
6.3.	Inntekter/ Aktivitetsutvikling.....	11
6.4.	Løns- og personalkostnader .....	12
6.5.	Varekostnader og kjøp av helsetenester .....	12
6.6.	Øvrige kostnader .....	12
6.7.	Finans og avskrivingar.....	12
7.	Vurdering av risikofaktorar i budsjettet .....	13
7.1.	Løns- og personalkostnader .....	13
7.2.	LIVA-bygget – innflytting og drift.....	13
7.3.	Aktivitet .....	14
7.4.	Prisvekst.....	14
8.	Investeringsbudsjett 2024.....	15
8.1.	Finansiering .....	15
8.2.	Disponering.....	16
8.3.	Oppsummert investeringsplan 2024 .....	18
8.4.	Likviditet .....	18
9.	Samla vurdering.....	19
10.	Vedlegg .....	20

## **1. Oppsummering**

Budsjettprosessen for 2024 vart svært krevjande då rammene for Helse Førde har vorte strammare og endra seg gjennom hausten. Pris- og lønsveksten var både i 2022 og 2023 høgare enn budsjettet og kompensert. Dette er ei problemstilling vi dreg med oss inn i budsjettarbeidet også for komande år. Det har blitt gjort grep for å prøve og dempe forbruket, men det er framleis store utfordringar og meirforbruk i høve budsjett. Dette gjeld særleg for somatikken. Signala er like fullt at dei økonomiske rammene er, og vil forqli, strammare framover. Administrerande direktør si vurdering er at krav og forventningar til omstilling og endring av drifta såleis er tydelege.

Samla økonomisk utfordringsbilete vi står overfor på vegen inn i eit nytt år, er over 130 millionar kroner. Årsaka er for høg styringsfart som følgje av auke i tal tilsette, auka kostnader knytt til IKT, medikament, avskrivningar og renter, samt at pris- og lønsveksten ikkje er kompensert heilt gjennom rammene.

For å handtere denne utfordringa har administrerande direktør valt å gje klinikkane eit innsparingskrav på 10 millionar, noko som er likt innsparingskravet i økonomisk langtidsplan. Vidare har administrerande direktør sett i gang ein eigen prosess for å identifisere større tiltak som gjer det mogleg å tilpasse drifta til nye rammevilkår. I samband med vurdering av investeringsevne og likviditet er det lagt til grunn at føretaket i denne prosessen skal finne tiltak tilsvarande ein effekt på 40 millionar.

Administrerande direktør understrekar derfor at budsjettet ikkje er i balanse og at vi alt ved starten på året har eit uløyst, og dermed forventa, avvik på over 80 millionar. Investerings- og vedlikehaldsbudsjettet vert som følgje av dette redusert til det som administrerande direktør meiner er det lågaste forsvarlege nivået.

Resultatkravet som er gjort framlegg om, er minus 2 millionar. Dette er likt kravet i økonomisk langtidsplan. Det er følgjeleg ikkje gjort noko justering til trass for nedtak av investeringsbudsjettet. Bakgrunnen for dette er at administrerande direktør ynskjer å synleggjere forventa økonomiske rammer framover og dermed krav til omstilling

I styremøte i Helse Vest 6. desember 2023 vart det vedteke å auke basisrammetildelinga til føretaka i Helse Vest med samla 50 millionar kroner. For Helse Førde utgjer dette ein auke i løvvde rammer på 6 millionar kroner. Endringa er innarbeidd i budsjettet. Auken er tildelt budsjetteknisk inntil vidare, då endringa vart gjort kjent så seint i budsjettprosessen. Administrerande direktør vil disponere desse midlane på eit seinare tidspunkt.

## **2. Innleiing**

Budsjettet for 2024 syner dei finansielle rammene som Helse Førde HF har fått til disposisjon for å utføre dei tenester og pasientbehandlingar som spesialisthelsetenesta omfattar. Dette inkluder også utdanning av helsepersonell i føretaket, forsking og opplæring av pasientar og pårørande. I tillegg skal dei finansielle rammene dekke nødvendige investeringar.

Saksutgreiinga vil gjere greie for korleis utarbeidinga av budsjettframlegget har vore gjennomført, kva føresetnader som ligg til grunn for budsjettet og korleis føretaket har valt å prioritere ressursane for år 2024. I tillegg kjem ei vurdering kring finansiell utvikling og risikobiletet knytt til budsjettet.

Vidare legg administrerande direktør gjennom denne saka fram investeringsbudsjettet for 2024. Store økonomiske utfordringar knytt til drifta medfører konsekvensar for investeringsevna til føretaket. Dette gjeld særskilt på kort sikt.

## **3. Budsjettprosessen**

Dei overordna føringane til spesialisthelsetenesta ligg til grunn for arbeidet med budsjettet gjennom nasjonale, regionale og lokale planverk samt styringsdokument.

Helse Førde har for budsjett 2024 lagt til grunn rammefinansiering av klinikke, og arbeidet knytt til budsjettet skjer i hovudsak ute i klinikke. Kvar leiar er ansvarleg for sitt budsjett og utarbeiding av dette, noko som skjer i tett samarbeid med overordna leiarar og controllar.

Rammefinansiering medfører at kvar klinik må handtere utfordringar som drifta medfører innanfor sine budsjettrammer. Utgangspunktet for årets budsjettprosess er dei kjende budsjettrammene for 2023 for kvar klinik. Vidare har det vore gjennomført ein realendringsprosess, der kvar klinik har meldt inn sine behov for endringar/auka midlar. Administrerande direktør har gjort prioriteringar av melde behov innanfor dei overordna rammene.

Investeringsbudsjettet er utarbeidd av økonomiavdelinga i tett dialog med nøkkelpersonar og ansvarlege for ulike driftsområde innanfor klinikke stab og drift- og eigedom, samt Nye Førde sjukehus.

Budsjettprosessen er gjennomført med grunnlag i 2023-kroneverdi, for slik å halde fokus på dei driftsmessige endringane som budsjettet vil krevje, og ikkje prisendringar. Prisjustering av budsjettet skjer sentralt og som eit siste ledd i budsjettutarbeidinga.

Det er ein føresetnad for budsjettarbeidet at organisasjonen er involvert, og dette vert ivareteke gjennom samarbeid i klinikke med verneombod og tillitsvalde. Det har også vore gjennomført informasjon- og drøftingsmøte på klinikknivå og Helse Førde-nivå.

## **4. Føresetnader for budsjettet**

### **4.1. Styringsfart 2023**

Helse Førde har gjennom 2022 og 2023 hatt utfordringar med både lågare inntekter og høgare kostnader enn budsjettert. Dette har medført relativt store avvik mot budsjett. Prognosene for 2023 for Helse Førde er eit budsjettavvik på 50 millionar kroner.

Fleire årsverk, prisstigning, ikkje-planlagt fråvær og svingingar i aktiviteten har samla gitt store utslag i det økonomiske resultatet. Prisveksten i samfunnet kring oss, påverkar også prisane inn til sjukehuset. Svak krone påverkar prissettingen av importerte varer, dyrare medikament og behandlingsmetodar, samt at eit høgare lønnsoppgjør enn budsjettert også i 2023 gjer det krevjande å halde budsjetterte rammer.

Det har gjennom 2023 vore gjennomført fleire rentehevingar fra Norges Bank. Samla er renta auka med 3,75 prosentpoeng sidan starten av år 2022. Helse Førde vil ved utgangen av 2023 ha trekt opp eit større beløp på kassekreditten. Likviditeten vil truleg halde seg stabil med eit tilsvarande trekk på kassekreditten gjennom det komande året. I tillegg er det planlagt konvertering av byggjelån knytt til Nye Førde sjukehus til nedbetalingsslåن i 2024 på om lag 1 milliard kroner. Dette vil auke dei samla renteutgiftene til Helse Førde vesentleg.

### **4.2. Statsbudsjettet 2024**

#### **4.2.1. Overordna rammer Helse- og omsorgsdepartementet**

Budsjetttramme for Helse Førde er gitt med basis i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett 2024 inklusive tilleggsproposisjon, jamfør sak 119/23 fra Helse Vest om inntektsramme og resultatkrav 2024. Det er politisk semje om statsbudsjettet, og det er venta å bli vedtatt i desember. Det er ikkje gjort kjent endringar som påverkar budsjettet til Helse Førde på noverande tidspunkt.

I statsbudsjettet er det presentert ein auke til spesialisthelsetenesta på samla 2,2 milliardar kroner. Størstedelen av auken på 1,7 milliardar kroner er knytt til aktivitetsvekst og vert fordelt etter inntektsfordelingsmodellen. Nasjonalt er det lagt til rette for ein vekst i pasientbehandlingar på om lag 1,8 prosent, og Helse Vest er tildelt 318,7 millionar kroner til aktivitetsvekst. Av dette er 21 millionar kroner øyremerka døgnbehandling innan psykisk helsevern. Det er lagt til grunn at aktivitetsauken kan bli realisert innanfor 80 prosent av gjennomsnittleg behandlingskostnad.

Auken i driftsløyvingane elles nasjonalt skal gå til å finansiere varig kostnadsauke på område som har fått øyremerka løyvingar tidlegare, som tarmscreening, nasjonal e-helseløysing, kapitalkostnader til protoncenter, auka i LIS1-stillingar, samt strukturtilskot til Helse Nord. Det er også i statsbudsjettet lagt til grunn eit effektiviseringskrav på 255 millionar kroner.

#### **4.2.2. Pris- og lønsvekst**

I dei to siste års budsjett og rekneskap har Helse Førde og alle helseføretaka fått lågare kompensasjon for pris- og lønsvekst enn det som har vist seg gjeldande, då inflasjonen har vore høg i samfunnet.

Ved inngangen av året 2023 var det budsjettet med ein lønnsvekst på 4,2 prosent og ein prisvekst på 3,0 prosent. Helse Førde fekk gjennom revidert nasjonalbudsjett i juni 2023 ei varig auke i basisramma på 56,5 millionar kroner. Dette var ei vidareføring av den nysalderinga som spesialisthelsetenesta fekk i desember 2022. Samla fekk Helse Førde tildelt 75,3 millionar kroner, der resterande auke var knytt til ny prisjustering og andre justeringar. Dette var ei vesentleg styrking, men like fullt ikkje tilstrekkeleg for å handtere det økonomiske avviket som pregar drifta.

Det er lagt til grunn ein pris- og lønnsvekst på samla 4,3 prosent frå 2023 til 2024.

#### **4.3. Tildelt ramme frå Helse Vest**

Helse Førde har i samla ramme for år 2024 fått tildelt 3,36 milliardar kroner frå Helse Vest. Det er budsjettet med samla inntekter på 3,66 milliardar kroner i budsjettet for år 2024. Inntektene er høgare enn tildelinga frå Helse Vest som følgje av inntekter på eigendelar for behandling, gjestepasientinntekter, prosjektinntekter og andre mindre postar.

INNTEKTSFORDELING 2024	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	2 076 335	961 428	3 330 521	651 274	362 788	-	7 382 346
SUM, basisramme fordelt etter modell	6 228 296	3 138 528	8 573 924	2 609 572			20 550 320
Resultatbasert finansiering	38 843	18 625	62 177	14 280			133 925
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	470 576	194 060	1 413 152	82 173	707 687	3 846 741	6 714 389
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	8 916	3 517	170 912	2 383	0		185 728
SUM, inntekt 2024 fordelt frå RHF	8 822 967	4 316 157	13 550 686	3 359 682	1 070 475	3 846 741	34 966 707

#### **4.3.1. ISF-aktivitetsvekst**

Det er frå Helse Vest lagt til rette for ein vekst innanfor ISF-ordninga på 1,7 prosent frå førre års budsjett. Helse Førde har i utgangspunktet fått tildelt sin del av dette etter same prinsipp som i førebels inntektsfordeling og økonomisk langtidsplan.

Prisen per DRG-poeng i somatikken er i årets budsjett sett til 52 248 kroner. Prisen for DRG-poeng poliklinisk psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling er sett til kr 3 675 kroner.

Overslagsløyvinga for DRG-poeng innan somatikken er presentert under:

Utrekning av overslagsløying for 2024	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	HDS	Avtaler	SUM
Grunnlag 2023 Aktivitetsvekst 1,7% - fordelt vekst HF etter same forhold som ØLP	94 615 1 845	43 833 504	157 900 2 921	29 584 311	17 086 273	3 513 53	346 531 5 907
Overslagsløying for 2024 - DRG-produksjon, eige HF, inkl. somatisk poliklinikk Fråtrekk, DRG-poeng for pasientar som høyrer til ein annan region DRG-poeng for eigne pasientar som er behandla i andre regionar eller hos private	96 460 -2 095 4 985	44 337 -202 1 868	160 821 -4 600 3 140	29 895 -572 1 840	17 359 0 0	3 566 0 574	352 438 -7 469 12 407
Estimat over DRG-poeng for pasientar høyrer til i Helseregion Vest	99 350	46 003	159 361	31 163	17 359	4 140	357 376
Overslagsløying DRG poeng frå HOD							355 309
Forskjell							2 067

Helse Førde ynskjer å vere konservative i å budsjettere vekst i aktivitet, då demografiske forhold som nemnt tilseier at det vil vere vanskeleg å oppnå vekst innan vårt ansvarsområde. Det har også vore utfordrande å nå dei budsjetterte aktivitetsmåla inneverande år, med ei spesielt negativ utvikling utover hausten. Nærare kommentar av aktivitetsbudsjettet følgjer seinare.

Det er ikkje gjort flytting av DRG-poeng mellom klinikkane i budsjett 2024, men innanfor den enkelte klinikk har ein gjort mindre flyttingar og eventuelle justeringar i samla DRG-produksjon. Dette er på grunn av utvikling og venta endring av enkelte behandlingsformer.

#### 4.3.2. Basisramme

Helse Førde er i budsjett for 2024 tildelt ei samla basisramme på 2,69 milliardar kroner. Dette er ein auke på 143 millionar. Auken fordeler seg mellom basisramme fordelt gjennom inntektsmodellen i Helse Vest, og basisramme utanfor modell. Helse Førde er tildelt 2,61 milliardar i basisramme gjennom inntektsmodellen.

I budsjett for 2023 var det gjort ei større endring med reduksjon av ISF-delen for somatiske tenester frå 50 til 40 prosent. Denne omlegginga var lagt til grunn skulle vere budsjettøytral, og føretaka i Helse Vest fekk kompensert gjennom fordeling i inntektsmodellen. Det er i samband med budsjett 2024 gjort ein korrekjon, då Helse Vest såg at effekten var noko annleis enn den faktiske fordelinga i inntektsmodellen. Dette inneberer ein reduksjon i tildeling for Helse Førde på 10,1 millionar.

Knytt til budsjettåret 2024 er det gjort nokre endringar i kva midlar som vert fordelt gjennom inntektsmodellen, og kva midlar som vert fordelt som basismidlar utanfor modell. Den største endringa for Helse Førde sitt vedkomande er at midlar knytt til pasienttransport no vert fordelt gjennom inntektsmodellen. Samanlikna med førebelse rammer utgjer endringane ein negativ effekt for Helse Førde, noko som medfører eit auka effektiviserings- og innsparingskrav.

#### 4.3.3. Basisramme utanfor modell

I basisramme utanfor modell har Helse Førde fått tildelt 82,2 millionar kroner. Dette er ein reduksjon på 20 millionar frå 2023. Samla har reduksjonen vore på 41,1 millionar dei to siste åra. Det er eit overordna mål for Helse Vest å redusere tal postar utanfor modell. Det skal vere viktige årsaker til at midlar ikkje skal kunne fordelast gjennom inntektsmodellen.

Største endringa frå førre års budsjett er at pasienttransport ikkje lenger vert fordelt som basisramme utanfor modell som særfinansiering. I tillegg vert utjamning av verknad av ny inntektsmodell for prehospitale tenester over to år no fordelt fullt ut gjennom inntektsmodellen. Vidare er det nokre postar som har blitt inkluderte i modell då fordeling mellom føretaka i stor grad følgde inntektsmodellen. Det er ingen nye tildelingar utanfor modell i år 2024 for Helse Førde. Samla vil Helse Førde få 15,6 millionar kroner gjennom inntektsmodellen når desse elementa vert inkluderte.

#### 4.3.4. Øyremerka midlar

Øyremerka midlar tildelt i budjettrammer for 2024 er i sum 2,4 millionar kroner for Helse Førde. Dette er ei vidareføring som gjeld medisinske undersøkingar på barnehuset og tilskot til bioteknologilova, samt barnekonsilierte team.

#### 4.3.5. Resultatbasert finansiering

Resultatbasert finansiering er ein del av inntektsramma som vert fordelt basert på utvikling innan gitte kvalitetsindikatorar. Det vesentlege er helseføretaka si relative utvikling og kvalitetsforbetring. Modellen for resultatbasert finansiering vert nytta av Helse Vest direkte vidare til helseføretaka, for på den måten å halde fokus på kvalitetsindikatorane og måloppnåing til det enkelte føretaket.

Helse Førde har fått tildelt 14,3 millionar kroner i resultatbasert finansiering for år 2024. Dette er ein auke på 0,8 millionar kroner. Relativt sett har Helse Førde og Helse Fonna utvikla seg positivt samanlikna med andre føretak i Helse Vest.

Resultatbasert finansiering 2024	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Sum
Inntektsfordeling 2024	38 843	18 625	62 177	14 280	133 925
Revidert nasjonalbudsjett 2023	42 410	17 823	67 869	13 493	141 596
Endring	-3 567	801	-5 692	786	-7 671

## 5. Rammefordeling til klinikkane

### 5.1. Realendringar

Helse Førde har tidleg haust 2023 gjennomført ein prosess der kvar klinikk melder inn sine behov for endringar i budsjettet etter eigne prioriteringar. Desse innmelde behova vert samanstilte, og administrerande direktør gjennomfører ei overordna prioritering av tildelte midlar. Det er samla i Helse Førde løyvd realendringar til budsjett 2024 på 86,8 millionar kroner.

Realendringane for budsjett 2024 inneber ei prioritering av kostnader som føretaket må handtere innanfor sine gjeldande rammer, og representerer ingen nye satsingar eller tiltak, men ei omfordeling av midlar. Dette knyter seg til auka rentekostnader og avskrivingar med 38,6 millionar kroner, drift av bygningsmasse og medisinsk-teknisk utstyr 6,6 millionar, auka kostnader for tenester levert av Helse Vest IKT med 17,5 millionar og auka medikamentkostnader på 24 millionar kroner. Det på bakgrunn av kostnadsutvikling innan kreftområdet, nevro og medisinsk heimebehandling.

Realendringar	BUT	KIR	MED	PHV	STAB	D&E	Sum
Avskriving	22 000						22000
Auka rentekostnader	16 650						16650
Auka medikamentkostnader			24 000				24000
Auka kostnader HV IKT				17 544			17 544
Drift Liva bygget						5 000	5000
Serviceavtaler MTU						1 200	1200
Endring leigekostnader						430	430
<b>Sum</b>	<b>38 650</b>	-	<b>24 000</b>	-	<b>17 544</b>	<b>6 630</b>	<b>86 824</b>

Det er ikkje funne rom i budsjettet for å handtere lønnsoppgjeren for 2023 utover dei styrkingar som klinikkane fekk gjennom revidert nasjonalbudsjett.

### 5.2. Innsparringskrav

Økonomisk langtidsplan for 2024-2028 har lagt til grunn eit årleg innsparringskrav til drifta på 10,4 millionar kroner. Det er nødvendig at drifta vert effektivisert, då bygging av Nye Førde sjukehus vil krevje meir effektiv drift dei komande åra for at føretaket skal handtere forpliktingar knytt til renter og avdrag.

Krav til innsparingstiltak i 2024 summerer seg som følgjande;

Klinikk	Krav til innsparing 2024
Drift og eigedom	-kr 1 010 000,00
Kirurgisk klinikk	-kr 3 304 000,00
Medisinsk klinikk	-kr 3 385 000,00
Psykisk helsevern	-kr 1 962 000,00
Stabsområde	-kr 728 000,00
<b>Sum Helse Førde</b>	<b>-kr 10 389 000,00</b>

Klinikkane har akildra nærare kva tiltak dei legg til grunn for å handtere sine krav til innsparing i eigne budsjett dokument.

## 6. Budsjett 2024

### 6.1. Resultatkrav HFD

Det er i budsjett for 2024 lagt til grunn at Helse Førde skal ha eit resultat på minus 2 millionar kroner. Dette samsvarar med økonomisk langtidsplan for 2024-2028, sett for å handtere noverande og framtidige investeringar.

Helse Førde har valt å ikkje justere ned resultatkravet ytterlegare til trass for dei store økonomiske utfordringane føretaket står ovanfor, og til trass for at investeringsnivået vert tatt ned betrakteleg i 2024. Administrerande direktør si vurdering er at budsjettet skal reflektere dei økonomiske rammevilkåra ein har og då behov for omstilling. Alternativet er å justere ned resultatkravet tilsvarende utfordringsbiletet for 2024, og auke rammene knytt til drift. Dette vil ikkje vere berekraftig på sikt og vere misvisande i forhold til behovet for omstilling og auka endringstakt i organisasjonen.

Administrerande direktør har derfor satt i gang ein eigen prosess for å finne tiltak som gjer at ein klarer å omstille drifta til dei nye rammevilkåra. Dette er krevjande prosessar, som vil krevje koordinering av fleire tiltak parallelt, samt krev god forankring og involvering internt i organisasjonen og eksternt for å oppnå nødvendig effekt.

### 6.2. Overordna budsjett HFD

	Rekneskap i fjor	Budsjett i år	Grunnlag budsjett neste år	Grunnlag budsj neste år - budsj i år	% endring	Prisvekst.	Budsjett 2024 i 24-kroner.
<b>Sum inntekter</b>	<b>-3 322 224 980</b>	<b>-3 512 125 079</b>	<b>-3 479 082 167</b>	<b>33 042 913</b>	<b>-0,9 %</b>	<b>-177 588 112</b>	<b>-3 656 670 278</b>
ISF inntekter	-723 321 971	-647 294 023	-644 603 491	2 690 532	-0,4 %	-26 946 804	-671 550 295
Gjestepasient inntekter	-33 933 668	-33 066 831	-33 284 280	-217 449	0,7 %	-1 391 048	-34 675 328
Poliikklinik og andre pasientinntekter	-159 792 885	-173 290 391	-172 512 321	778 070	-0,4 %	-4 129 379	-176 641 700
Basisstilkudd	-2 274 894 004	-2 562 178 000	-2 562 965 000	-787 000	0,0 %	-143 060 000	-2 706 025 000
Øremerkede midler	-56 661 952	-24 663 951	-9 911 814	14 752 137	-59,8 %	0	-9 911 814
Andre inntekter	-73 620 500	-71 631 882	-55 805 260	15 826 622	-22,1 %	-2 060 881	-57 866 141
<b>Sum utgifter</b>	<b>3 314 831 390</b>	<b>3 473 135 079</b>	<b>3 460 956 588</b>	<b>-12 178 491</b>	<b>-0,4 %</b>	<b>162 073 435</b>	<b>3 623 030 023</b>
<b>Varekostnader og Helsetjenester</b>	<b>472 482 956</b>	<b>508 667 099</b>	<b>498 315 370</b>	<b>-10 351 729</b>	<b>-2,0 %</b>	<b>16 317 700</b>	<b>514 633 071</b>
Varekost	341 224 908	349 406 743	355 504 747	6 098 004	1,7 %	10 310 617	365 815 364
Kjøp av helsetjenester mm	131 258 049	159 260 356	142 810 623	-16 449 733	-10,3 %	6 007 083	148 817 706
<b>Lønn- og personalkostnader</b>	<b>2 279 008 364</b>	<b>2 334 823 716</b>	<b>2 325 136 906</b>	<b>-9 686 810</b>	<b>-0,4 %</b>	<b>125 318 859</b>	<b>2 450 455 765</b>
Lønn til fast ansatte og vikarer	1 425 015 709	1 519 424 380	1 520 078 940	654 560	0,0 %	74 483 868	1 594 562 808
Variable tillegg og overtid	180 720 040	131 641 204	122 476 729	-9 164 475	-7,0 %	6 001 360	128 478 089
Feriepenger og sosiale kostnader	673 003 471	699 652 950	705 079 426	5 426 476	0,8 %	46 356 104	751 435 530
Lønnsrefusjoner	-85 853 785	-73 138 946	-69 449 124	3 689 822	-5,0 %	-3 403 007	-72 852 131
Innleie av personell	44 382 705	22 961 867	13 142 951	-9 818 916	-42,8 %	644 005	13 786 955
Diverse personalkostnad	19 799 697	16 126 861	14 514 131	-1 612 731	-10,0 %	677 007	15 191 138
Reisekostnader	21 940 526	18 155 400	19 293 855	1 138 455	6,3 %	559 522	19 853 376
<b>Øvrige kostnader</b>	<b>464 620 844</b>	<b>528 644 264</b>	<b>514 504 312</b>	<b>-14 139 952</b>	<b>-2,7 %</b>	<b>20 436 876</b>	<b>534 941 188</b>
<b>Av- og Nedskrivning</b>	<b>98 719 226</b>	<b>101 000 000</b>	<b>123 000 000</b>	<b>22 000 000</b>	<b>21,8 %</b>	<b>0</b>	<b>123 000 000</b>
<b>Sum finans</b>	<b>3 837 273</b>	<b>18 990 000</b>	<b>35 640 255</b>	<b>16 650 255</b>	<b>87,7 %</b>	<b>0</b>	<b>35 640 255</b>
<b>Totalsum</b>	<b>-3 556 317</b>	<b>-20 000 000</b>	<b>17 514 677</b>	<b>37 514 677</b>	<b>-187,6 %</b>	<b>-15 514 677</b>	<b>2 000 000</b>

Det er budsjettert med eit årsresultat på minus 2 millionar kroner. Dette er i tråd med det som ligg i økonomisk langtidsplan. Nivået er sett for å sikre god balanse mellom drift- og investeringsbudsjett.

## 6.3. Inntekter/ Aktivitetsutvikling

### 6.3.1. Psykisk helsevern

Psykisk helsevern ventar at aktiviteten knytt til døgnopphald for vaksne i 2024 vil auke opp mot nivået i 2021 og 2022. Vidare legg ein til grunn at etablering av FACT-team vil auke poliklinisk aktivitet for vaksne. Det vert planlagt med høgare aktivitet i tilbodet til barn og unge enn i 2023.

Aktivitet	Oppnådd 2020	Oppnådd 2021	Oppnådd 2022	Prognose 2023	Budsjett 2024	Endring P23 til B24
<b>Psykisk helsevern vaksne</b>						
DRG poeng	3 377	3 594	4 604	4 710	5 300	590
Tal heildøgnsopphald	17 059	17 948	18 176	16 950	18 095	1 145
Tal utskrivne pasientar	1 066	918	927	900	1 035	135
Polikliniske konsultasjonar	23 686	22 471	25 498	24 770	26 100	1 330
<b>TSB</b>						
DRG poeng	380	429	449	480	480	0
Tal heildøgnsopphald	5 734	6 006	6 602	7 700	7 700	0
Tal utskrivne pasientar	186	172	226	255	255	0
Polikliniske konsultasjonar	2 687	2 526	2 528	1 920	1 960	40
<b>Psykisk helsevern barn og unge</b>						
DRG poeng	5 877	6 070	5 203	5 440	5 640	200
Tal heildøgnsopphald UPH	1 356	1 325	1 254	1 060	1 060	0
Tal utskrivne pasientar UPH	87	85	123	100	100	0
BUP polikliniske konsultasjonar	16 028	18 186	18 553	15 920	16 600	680

### 6.3.2. Somatikken

Plan for aktiviteten i 2024 syner ein nedgang knytt til gjestepasientinntekter, medan det er uendra plan for kirurgisk klinik og svak auke for medisinsk klinik. DRG-poeng knytt til H-resept er uendra. Samla utgjer endringane ein auke i DRG-poeng produsert i Helse Førde på 93 poeng, medan det utgjer ein reduksjon i sum DRG-poeng med ISF-inntekt på Helse Førde-pasientar på -192 poeng.

Planen for aktivitet synleggjer at det også komande år er venta at vriding av pasientstraumen frå døgn til dag, og frå dag til poliklinikk, held fram. Det er i 2024 budsjettert med auke både i dagbehandling og polikliniske konsultasjonar, medan det er venta reduksjon i tal sjukehusopphald/døgnopphald samanlikna med plan for 2023.

Aktivitet	Oppnådd 2021	Oppnådd 2022	Plan 2023	Plan 2024	Endring B24 - B23
DRG-poeng dag/døgn/poliklinikk	A	26 115	25 519	26 568	<b>26 661</b> 93
DRG-poeng H-resept	A	1 723	1 980	1 985	<b>1 985</b> 0
DRG-poeng (gjestepasientar)	B	714	779	749	<b>749</b> 0
SUM DRG poeng produsert i Helse Førde	A+B	28 552	28 278	29 302	<b>29 395</b> 93
DRG-poeng pasientar behandla i andre regionar	C	1 410	1 428	1 673	<b>1 388</b> -285
Sum DRG-poeng, ISF inntekt på Helse Førde-pasientar	A+C	29 248	28 927	30 226	30 034 -192
Tal dagbehandling		15 701	14 540	14 963	<b>15 658</b> 695
Tal sjukehusopphold / heildøgnsopphald		18 339	17 345	18 312	<b>17 538</b> -774
Tal polikliniske konsultasjonar (ISF-gyldige)		122 575	119 816	122 670	126 835 4 166

#### **6.4. Løns- og personalkostnader**

Det er i budsjett for 2024 ikkje gjort store endringar knytt til budsjettering av løns- og personalkostnader for Helse Førde på eit overordna nivå. Samla er det budsjettet med ein reduksjon på 0,4 prosent. Endringane knyter seg i hovudsak til ein budsjettet reduksjon av innleige, samt variable tillegg og overtid.

#### **6.5. Varekostnader og kjøp av helsetenester**

For varekostnader og kjøp av helsetenester samla er det budsjettet med ein reduksjon på 10,3 millionar kroner før prisjustering. Nedgangen knyter seg til budsjettet reduksjon i kjøp av helsetenester, medan det for varekostnader generelt, som også inkluderer medikament, er budsjettet med ein auke på 6,1 millionar.

Varekostnader omfattar medikamentkostnader, og det er budsjettet med ein vekst på 3,9 prosent for legemiddel og H-resept, i sum ein auke på 8,4 millionar før prisjustering. Årsaka til avvik mellom denne summen og realendring på 24 millionar kroner er redusert varekostnad på budsjetteknisk på 10 millionar kroner, samt at medisinsk klinikk ventar nedgang på andre område. Samla budsjetttramme i Helse Førde for år 2024 er 230,1 millionar kroner knytt til legemiddel og H-resept.

#### **6.6. Øvrige kostnader**

Største kostnadsdrivarane under øvrige kostnader er pasienttransport og kostnader for driftstenester til Helse Vest IKT. Det er ein auke i utgifter til Helse Vest IKT i 2024 på 17,5 millionar kroner før prisjustering.

#### **6.7. Finans og avskrivingar**

Totale finanskostnader aukar vesentleg i årets budsjett samanlikna med fjaråret, og samla er det budsjettet med netto finans på 35,6 millionar kroner. Veksten på 16,7 millionar kjem som følgje av auka i samla renteberande gjeld, inkludert kassekreditt, og høgare lånerente.

Avskrivingane er budsjettet på grunnlag av kjende avskrivingar på eigendalar i balansen ved inngangen av året, samt forventa tilgang som følgje av nye investeringar gjennom år 2023, og då aktivering av Livabygget hausten 2023. Det er samla budsjettet med ein auke i avskrivingane på 22 millionar kroner.

## **7. Vurdering av risikofaktorar i budsjettet**

Helse Førde står framfor krevjande tider i 2024 og dei nærmaste åra framover. Meirforbruk mot budsjett gjer det krevjande å utarbeide gode budsjett for det komande året. Strammare rammer gjer kravet til omstilling og endring tydeleg, og dermed ytterlegare krevjande. Budsjettet for 2024 inneheld fleire vesentlege risikofaktorar som vert kommenterte nærmare under.

### **7.1. Løns- og personalkostnader**

Løns- og personalkostnadene i Helse Førde har vore svært mykje høgare enn det klinikkane innan somatikken har lagt til grunn gjennom 2023, og også år før dette. Avvika knyter seg også i 2023 til meirforbruk på overtid, ekstrahjelp, innleige og vikarar, samt at det er høgare utgifter til faste tillegg og UTA (avtale om utvida arbeidstid for legar) enn budsjettet.

Forklaringane til desse avvika er primært eit høgare forbruk av timer. Noko knyter seg til ikkje-planlagt fråvær som sjukdom eller utdanning/kurs, rettleing og anna. Andre stadar ser vi at generell bemanning har auka sidan 2019, noko som vert forklart med auka tilfang av oppgåver, registrering og dokumentasjon.

Det er eit utfordrande bilete å finne gode og målretta tiltak, då det er store variasjonar frå avdeling til avdeling, og frå seksjon til seksjon, over kva som er utfordringane og årsakene til meirforbruket. Innanfor ei avdeling kan det vere vekst i tal årsverk, samstundes som spesifikk kompetanse er mangelvare og medfører høge ekstrakostnader knytt til vikarbruk og innleige.

Problemstillinga er krevjande, og vil utgjere ein svært høg risikofaktor også gjennom 2024.

Helse Førde nyttar store ressursar for å ha kompetent personell på plass når det er nødvendig, både på grunn av sjukefråvær blant tilsette og fordi det er krevjande å rekruttere til alle dei jobbar og stillingar som helseføretaket er avhengig av for å kunne levere tenester og behandling til pasientane.

Utfordringane med å få tilgang til kvalifisert personell er ei nasjonal utfordring som ein ser vil vere aukande framover i tid. Dette vil også utgjere ein vesentleg risiko for Helse Førde – både på kort og lang sikt.

### **7.2. Livabygget – innflytting og drift**

Ein særskild risikofaktor for store delar av den somatiske aktiviteten i Førde i budsjettet for 2024, er å flytte inn i og ta i bruk Livabygget. Eit vesentleg arbeid er gjort gjennom dei siste åra for å førebu og planlegge for dette, men mykje arbeid står att. Nødvendig framdrift og samspel er kritisk for å minimere effekten på drifta.

Dei økonomiske forventningane til drift i nytt bygg er at betra fysiske føresetnader, med ein oppdatert og gjennomarbeidd plan for effektiv drift, vil gje innsparingar.

Drift i nytt bygg utgjer ein stor økonomisk risiko for Helse Førde, både knytt til innflyttingsfasen og påverknaden dette kan ha på aktiviteten, men også på lang sikt knytt til dei driftskostnadene som ein stor bygningsmasse krev gjennom straum, reinhald og teknisk drift. Vidare er det ein betydeleg risiko for at endra driftsformer ikkje vil gje venta innsparingar.

### **7.3. Aktivitet**

Helse Førde hadde fram til siste kvartal i 2023 god aktivitet, men vi ser at dei siste månadene har det vore krevjande å oppretthalde aktiviteten i samsvar med plan. Overordna har Helse Førde budsjettet med lågare aktivitet enn disponible rammene frå overslagsløyvingane tillet.

Ei særskild utfordring knytt til aktivitet i 2024 er overgangen for somatikken i Førde når sengepostar, poliklinikk, operasjon og fødeavdeling skal flytte inn i Livabygget hausten 2024. Flytting og å ta nybygget i bruk vert planlagt så godt råd eg, men kva effekt dette vil ha på aktiviteten er vanskeleg å spå på noverande tidspunkt. Aktivetsbudsjettet for 2024 er ikkje tatt ned som følgje av dette. Samla vil det vere vesentleg risiko knytt til aktivitetsnivået i 2024.

### **7.4. Prisvekst**

Forventingar og siste tids estimat for prisveksten i 2024 er ei utflating og truleg noko lågare inflasjon i 2024 enn gjennom 2023. Like fullt er estimatet som ligg til grunn i budsjettet, lågare enn det som Statistisk sentralbyrå og Norges Bank har i sine gjeldande prognosar for 2023. Vi ser også at kronekursen påverkar mykje av forbruksmateriellet, og at medikamentkostnadene har hatt ein prisvekst langt utover den generelle prisveksten. Prisvekst høgare enn budsjettet gjer det krevjande å disponere og prioritere midlane i budsjettet rett, og vil med dei nemnde faktorane ovanfor gjere at prisvekst utgjer ein risiko også i 2024-budsjettet.

## 8. Investeringsbudsjett 2024

### 8.1. Finansiering

Kontantstraum frå drifta og finansieringsaktivitet gjev følgjande investeringsramme for 2024:

#### Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	Budsjett 2023	Prognose 2023	Budsjett 2024
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	0	20 000	-2 000
+ Avskriving/hedskriving	101 000	101 000	123 000
= Kontantstrøm fra driften	101 000	121 000	121 000
+/- Resultatavvik		-50 000	-86 000
+ Opptak av nye lån	213 000	248 000	261 000
- Avdrag lån	-250 979	-242 000	-15 900
- Tilførsel av investeringseven til Helse Vest IKT	-23 446	-23 446	-27 597
+ Gaver / kapitalinnskot HV	234 000	234 000	0
+/- Endring lån av investeringsevne frå HV / bruk av kassekreditt	327 300	313 321	197
+/- annet - aktiverte rentekostnader	20 350	20 350	24 600
Finansieringsgrunnlag investeringar	621 225	621 225	277 300

- Resultatkavet for 2023 vart auka med 20 millionar i samband med revidert nasjonalbudsjett. På grunn av høgare styringsfart enn budsjett, og dermed risiko for å ikkje klare resultatkavet, auka ein ikkje investeringsbudsjettet tilsvarande. Dette medførte mindre bruk av kassekreditten. For 2024 er resultatkavet minus 2 millionar. Endringa svarer til endring i avskriving.
- Resultatavviket er prognosen for 2023 og 2024.
- Opptak av 261 millionar i nye lån er knytt til Nye Førde sjukehus.
- Tilførsel av investeringsevne til Helse Vest IKT er føretaket sin del av vedtekne felles prosjekt i Helse Vest. Investeringane skjer gjennom Helse Vest IKT. Likviditet blir ikkje lånt ut, men reduserer investeringsevna til Helse Førde.
- Lån av investeringsevne frå Helse Vest er tilnærma uendra. I samband med revidert økonomisk langtidsplan for 2024-2028 søkte Helse Førde om internlån. I dialog med eigar har føretaket fått godkjenning for å nytte kassekreditt til å dekke manglande investeringsevne og likviditet for å fullføre Nye Førde sjukehus. Opptrekket var høgt i 2023.
- Anna er aktiverte rentekostnader knytt til byggjelån for Nye Førde sjukehus.
- Føretaket har ikkje bereevne til nye investeringar på kort sikt.

## 8.2. Disponering

Med bakgrunn i langtidsplan for investeringsbudsjett og disponibel investeringsramme vil administrerende direktør gjøre følgjande prioritering for 2024:

Investeringsbudsjett (tal i tusen kroner)	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett- endring fra 2023
Byggteknisk infrastruktur	5 300	0	-5 300
Nye Førde sjukehus, inkludert byggelånsrente	594 800	267 300	-327 500
Sum bygg	600 100	267 300	-332 800
Medisinteknisk utstyr (MTU)	12 500	8 000	-4 500
IKT	3 600	2 000	-1 600
Ambulansar	5 000	0	-5 000
Sum MTU og andre investeringar	21 100	10 000	-11 100
Sum investeringar	621 200	277 300	-343 900

### 8.2.1. Nye Førde sjukehus (NFS)

NFS-prosjektet omfattar både bygg og medisinsk-teknisk utstyr. For 2024 er løyvinga i hovudsak tenkt brukt til å ferdigstille Livabygget. Dette er eit nybygg for somatikk i åtte etasjar. Bygget skal romme lokale for operasjon, sterilcentral, sengepostar med einerom, og spesialrom for poliklinikk. I tillegg til Livabygget ligg det inne midlar til ombygging av Svanabygget, slik at Livabygget kan koplast saman med Svanabygget.

Samla investeringsramme for Nye Førde sjukehus er etter deflatorjustering på 2 milliardar kroner. I denne ramma ligg også prosjekta Svana 2 og 3 som er utsette, desse utgjer i sum 104 millionar kroner. Dette gjev ei ny samla ramme for det som er under arbeid på 1,9 milliardar kroner.

### 8.2.2. Byggteknisk infrastruktur og brannsikring

På dette området er det ikkje sett av midlar, slik at her vert det berre aktivitet ved havari. Normale år ville vi prioritert midlar til mellom anna brannsikring, byting av heisar som krev mykje reperasjonar, utskifting av steril-teknisk utstyr og til skalsikring for å betre personvernet.

### 8.2.3. Medisinsk-teknisk utstyr

Med 8 millionar til kjøp av medisinsk utstyr vart det ei utfordrande prioritering for 2024. Prioriteringane vert gjort i samråd med medisinsk- og kirurgisk klinikk med fokus på betre pasientbehandling, teknisk tilstand og rasjonell drift. Det er fokus på løysingar som forenklar arbeidskvardagen til tilsette og som er gode for pasientane.

Bruk av investeringsmidlane vert koordinert med prioriteringane i prosjekt Nye Førde sjukehus. Det vil bli gjennomført utviding og oppgradering av pasientovervakingsanlegget på alle behandlingsstadar, samt kjøp av utstyr til den nye skopisentralen i Livabygget.

Analyseutstyr til patologi, ultralydutstyr til anestesi og mammografi til røntgen er mellom anna utstyr vi ønskjer å prioritere i 2024.

#### **8.2.4. Ambulansar**

Historisk og framover har Helse Førde normalt sett av 10 millionar til ambulansar kvart år. Dette har vore nok til å dekke om lag fire bilar kvart år. Ambulansetenesta melder om eit årleg behov på seks nye bilar i året. På grunn av investeringsevna til føretaket er dette redusert til kroner 0 (null).

Det er ein stor fordel med jamn utskiftingstakt både med tanke på uvisse knytt til levering, førebygge høg alder og mange kilometer på bilane. Auka snitt alder og kilometerstand medfører auka driftskostnader og risiko for havari.

#### **8.2.5. IKT – lokale midlar**

Midlane til IKT er planlagt brukt både til infrastruktur og utstyr. Prioriteringa er nødvendig utstyr for å kunne ta i bruk Livabygget og forbetring av naudnett innandørs.

#### **8.2.6. Helse Vest IKT**

Tabellen under viser investeringane gjennom Helse Vest og Helse Førde sin del av investeringa:

<b>Regionale IKT investeringar (tal i tusen kroner)</b>		
Namn	Helse Vest	Helse Førde
Investeringar regional portefølje	401 500	42 559
Investeringar infrastruktur	110 558	11 719
Investeringar leigeordning	93 870	9 950
Digital plattform	24 000	2 544
Investeringar HF-spesifikke prosjekt	23 290	2 850
- Avskrivningar frå regionale prosjekt	-262 688	-27 845
- Avskrivningar frå HF-spesifikke prosjekt	-141 353	-14 180
Behov for tilført likviditet Helse Vest IKT	249 177	27 597
Fordelingsnøkkelen etter inntektsmodell	100 %	10,6 %

Mange av dei store regionale prosjekta held fram i 2024. Dei største prosjekta er Pasientflyt og ressursar, Vestlandspasienten, Overgang til DIPS Arena og Digitale skjema og brev.

Det vert også gjort store investeringar på infrastruktur, knytt til serverar, nettverk og tele-/signalområdet.

### 8.3. Oppsummert investeringsplan 2024


Administrerande direktør har tatt utgangspunkt i økonomisk langtidsplan for å utarbeide budsjett for 2024. På grunn av utfordringsbiletet er som nemnt vedlikehaldsinvesteringane redusert til eit minimum. Samla er reduksjonen 36,2 millionar samanlikna med økonomisk langtidsplan. Investeringar knytt til bygg og ambulanse er satt til 0 (null), medisinsk-teknisk utstyr 8 millionar og IKT 2 millionar. Det er gjennomført risikovurderingar på kvart enkelt område for investering. Sjå vedlegg.

### Investeringsplan for Helse Førde 2024 - 2028

Område	Investeringsområder (tal i millionar kroner)							Sum 5 år 2024-28
		2023	2024	2025	2026	2027	2028	
<b>Nybygg/</b>	Bygg infrastruktur og funksjonsendring	5,3	-	10,6	13,0	13,0	18,0	54,6
	<b>Nye Førde sjukehus, utan byggelån</b>	574,5	242,7	16,7				259,4
	Nye Førde sjukehus - bygg og inventar	430,0	170,5	16,7				187,2
	Nye Førde sjukehus - MTU	32,0	17,7					17,7
	Nye Førde sjukehus - Andre endringar	45,0	31,0					31,0
	Nye Førde sjukehus - prisstigning utover deflator	67,5	23,5					23,5
	Nye Førde sjukehus - renter byggelån	20,3	24,6					24,6
	Sum nybygg/ombyggingar	600,1	267,3	27,3	13,0	13,0	18,0	338,6
<b>Medisin teknisk teknisk utstyr</b>	MTU	12,0	8,0	9,5	20,0	20,0	35,0	92,5
	MR Nordfjord	0,5		10,5				10,5
	Sum medisin teknisk utstyr	12,5	8,0	20,0	20,0	20,0	35,0	103,0
	IKT utstyr	3,6	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	10,0
<b>IKT-investeringar</b>	Sum IKT-investeringar	3,6	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	10,0
	Ambulansar	5,0	0,0	10,0	10,0	10,0	10,0	40,0
	Sum andre investeringar	5,0	0,0	10,0	10,0	10,0	10,0	40,0
Sum investeringar		621,2	277,3	59,3	45,0	45,0	65,0	491,6
<b>Finansiering</b>								
Finansiering før NFS finansiering		39,6	-8,5					
Lån NFS		248,0	261,0					
Lån NFS, renter byggelån		20,3	24,6					
Estemert behov for bæreevne frå Helse Vest		313,3	0,2					
Sum finansieringsevne		621,2	277,3	-	-	-	-	

### 8.4. Likviditet

Auka bruk av kassekreditten heng saman med for høg styringsfart og stor vekst i innbetaling av pensjonspremie til Kommunal Landspensjonskasse. Denne negative utviklinga i tilgjengeleg likviditet fører til at Helse Førde gjennom året har hatt eit stadig større trekk på kassekreditten, noko som igjen resulterer i auka rentekostnader for Helse Førde. Likviditeten til Helse Førde har gjennom 2023 blitt svekka jamfør grafisk framstilling under. Prognose er basert på tal per oktober 2023.



Auke i ramma for kassekreditten er knytt til skilnaden mellom kostnadsført pensjonskostnader i rekneskapen og innbetaling til KLP.

Manglande likviditet gjer det krevjande å løyse framtidige investeringsbehov, både knytt til all bygningsmasse, ambulanseparken og medisinsk-teknisk utstyr. Ei tett oppfølging av likviditeten til Helse Førde er naudsynt for å sikre nødvendig handlingsrom for føretaket.

## 9. Samla vurdering

Budsjettet for 2024 er utarbeidd gjennom stor involvering av organisasjonen, noko som er viktig for få forståing kring den enkelte einings utfordringsbilete, men også utfordringane på avdeling-, klinikk- og føretaksnivå. Det er gjennom arbeidet retta stort fokus på tiltak for å innrette seg etter budsjetterte rammer, samt risikofaktorar som må handterast for å oppnå balanse.

Det er gjort eit godt arbeid, men utfordringane er ikkje løyste. Krevjande avgjerder må takast, og endringar må gjennomførast før Helse Førde vil oppnå økonomisk balanse.

Styringsfarten og utsiktene i 2024 viser at Helse Førde står framfor store økonomiske utfordringar som skal løysast parallelt med store driftsmessige endringar ved Førde sentralsjukehus ved innflytting i Livabygget. Tett oppfølging av økonomien vil i dette biletet vere kritisk, noko som må skje i samhandling med driftsorganisasjonen og prosjekta knytt til Nye Førde sjukehus.

Det komande året vil verte eit år som vil krevje mykje av dei tilsette i føretaket. Dette krev tett oppfølging frå leiarar på alle nivå, og god involvering av tilsette i føretaket.

## **10. Vedlegg**

1. Budsjett 2024 – Kirurgisk klinikk
2. Budsjett 2024 – Medisinsk klinikk
3. Budsjett 2024 – Psykisk helsevern
4. Budsjett 2024 – Drift og eigedom
5. Budsjett 2024 – Stabsområde
6. Budjettrammer Helse Vest RHF 2024
7. Protokoll frå møte med føretakstillitsvalde
8. Protokoll frå møte med FAMU
9. Risikovurdering investeringsbudsjett Bygg
10. Risikovurdering investeringsbudsjett MTA
11. Risikovurdering investeringsbudsjett IKT
12. Risikovurdering investeringsbudsjett Ambulanse